

**Magne Nordal**  
Rådgjevar Tine  
magne.norddal@tine.no

# Driftsresultat **betre** enn planlagt



I 2004 starta planen om ny fjøs på Straumsneset. Det var fleire alternativ både for kven som skulle vere med og for driftsopplegg. Etter ei tid valde tre av dei seks bruk å etablere samdrift og byggje ny fjøs. Hausten 2007 kunne dei tre deltakarane Kjartan Åsnes, Ole Jakob Nedrebø og Oddvar Åsnes i samdrifta SMOK flytte inn i ny moderne lausdriftsfjøs med tandem mjølkestall.

## Klare for modernisering

Dei fleste av eksisterande fjøsar på Straumsneset var klare for modernisering og dermed starta vurderingane på korleis det kunne gjerast. Det vart tatt initiativ til fellesmøte for alle dei seks mjølkeprodusentane som var aktive på Straumsneset for å diskutere framtida. Prosjektleiaren for mjølkeprosjektet i Sogn og Fjordane, Jo Helge Sunde, vart inviterte med på første møte. Første alternativ var å etablere ei samdrift og byggje eit nytt fjøs for alle seks mjølkebruka. Dei fleste av brukarane var heiltidsbønder og hadde sterk ynskje om framleis å vere det framover. Utrekningane viste at det diverre ikkje var økonomi til så mange heiltidsbønder som ynskjeleg.

## Enda opp med tre

Det enda opp med at Kjartan, Ole Jakob og Oddvar ville vurdere vidare ei samdrift dei i mellom, med



SMOK har fått til eit vellukka opplegg med trivlege og friske kalvar. Foto: Magne Nordal

ny fjøs som kunne stellast av ein person dagleg. Prosjektleiaren rekna på nytt med kvote på 260 tonn med fullt påsett av oksar.

Konklusjonen var at prosjektet framleis var marginalt, men gjennomførbart med kvoteleige på 15 øre per liter og betaling av grovfôr med 1,75 kroner per FEM.

Driftsplanen var utarbeidd av Tine og lagt til grunn for søknaden til Innovasjon Norge. Planen føresette ein byggjekostnad på 6,5 millionar kroner, eit dekningsbidrag på 1 200 000 kroner og at det skulle takast ut

1 100 kroner per dag i arbeidsvederlag for den som steller fjøsen. Kjartan skulle stå for den største arbeidsinnsatsen, medan Oddvar og Ole Jakob skulle vere mindre aktive og ha anna arbeid utanom bruka.

## Driftsplanen

Etter to heile driftsår har dei fått god oversikt over korleis driftsresultatet har vorte opp mot kva som var planlagt. Allereie i planfasen såg SMOK-karane att kostnadsoverslaget ikkje ville halde, men dei var fast bestemte på at dette skulle dei få til. Då fjøset stod ferdig i oktober 2007 var prislappen over 1,6 millionar kroner høgre enn det som låg til grunn i søknaden til Innovasjon Norge. Byggjemarknaden på denne tida var «overheta» og dermed tok kostnaden av. Etter at tilskotet var trekt frå sat dei at med ny fjøs og ei gjeld på 6 millionar kroner med kapasitet til 45 årskyr og fullt påsett. Det er plass til 59 mjølkekyr dersom oksekalfvane verte selt til liv.

## Faktisk økonomisk resultat

Første heile driftsår var 2008. Kvoten var dette året auka til 288 000 liter etter kjøp av kvote frå staten. I 2009 vart den auka til 303 000 liter. Ytinga

**Tabell 1:** Resultatmål frå Tine Effektivitetsanalyse (EK)

| Resultatmål                                  | 2008      | 2009      |
|--|-----------|-----------|
| Kvote  | 288 874   | 303 368   |
| Tal årskyr                                   | 45,8      | 42,8      |
| Totalt dekningsbidrag for samdrifta i kroner | 1 419 583 | 1 703 802 |
| Dekningsbidrag kroner pr liter               | 4,68      | 5,36      |
| Dekningsbidrag kroner pr liter, utan tilskot | 2,93      | 3,15      |
| Yting  | 7200      | 7900      |
| Tilvekst oksar, gram slakt pr dag            | 630       | 645       |
| Fruktbarheit, fs-tal                         |           | 82        |
| Variabel grovforkostnad kroner pr fem        | 0,99      | 1,11      |
| Kraftfôrforbruk per 100 kilo EKM             | 30        | 31,5      |

» Sjølv om fjøsen kosta 1,6 mill meir enn føresett i kalkylen, har samdrifta SMOK heile tida har hatt rom for betaling av godtgjersle til medlemene i samsvar med føresetnadane i driftsplanen.



Fjøset frå 2007 har plass til 45 årskyr og fullt påsett. Det er plass til 59 mjølkekyr dersom oksekalvane verte selt til liv. Foto: Kjartan Åsnes.

auka raskt det første året frå 6 500 kilo til 7 200 kilo per årskyr og vidare auka den til 7 900 kilo i 2009. Samdrifta er medlem i Tine Effektivitetsanalyse (EK). Kostnadene og tilskudd til grovfôrdyrkinga fra deltakarane er tatt med i EK for samdrifta. I tabellen er det sette opp resultatmål frå EK for åra 2008 og 2009. Tilvekst på oksane var på 645 gram/dag og middel slaktevekt 318 kilo på 15 månader i 2009. Dette er tal som syner at kalvane har det godt, sjølv i ein stor fjøs.

### 1 100 kroner per dag

Alle har tatt ut 1 100 kroner per dag i arbeidsvederlag begge år. Det gjev eit samla årleg arbeidsvederlag på 400 000 kroner for samdrifta. Deltakarane søker kvar for seg på areal- og kulturlandskapstillegg og får ei godtgjering på 1,75 kroner/FEm for grovfôret dei sel til samdrifta. Samdrifta betalar etter kvalitet. Det er difor ikkje alltid den med mest mengde som får mest betalt for grovfôret! Her kjem det tydeleg fram konsekvensen av kvaliteten på grovfôret. Det vert tatt ut mange grovforprøver gjennom året. Dette gjer at kvar deltakar får ei medveta haldning til godt grovfôr som igjen gjev høgre produksjon i fjøset. Vederlaget

frå samdrifta og areal- og kulturlandskapstillegget dekker dei faktiske kostnadane hjå alle dei tre deltakarane.

### Drifta i tråd med planen

I og med samdrifta har klart å fått til drifta i tråd med planen, har deltakarane og sikra seg ei personinntekt. Kjartan er nøgd med å ha ei god personinntekt frå arbeidsvederlaget og med å kunne redusere den alminnelege inntekta grunna høge avskrivningar og rentekostnader, som igjen gjev redusert skatt og betre personleg likviditet. Han fortel vidare at han får nytta fullt jordbruksfrådrag i tillegg. Samstundes er han sikra trygderettar ved sjukdom/uførheit og kan kanskje skaffe seg ein brukbar pensjon frå folketrygda i og med personinntekta er akseptabel.

Nøktern planlegging kombinert med flinke bønder gjer at samdrifta heile tida har hatt rom for betaling av godtgjersle til medlemene i samsvar med føresetnadane i driftsplanen, sjølv om fjøsen kosta 1,6 mill meir enn føresett i kalkylen.

### Trivast betre som bonde no

Dei tre i samdrifta har fått den daglege drifta til å gå etter planen. Om dei skal kunne auke inntekta av noko

omfang er det meir kvote som må til, og det har dei planar om å kjøpe. Leveransen kan aukast opp til 400 000 liter innanfor eksisterande fjøsveggar.

Kjartan er ikkje tvil om at kvotekjøp vil lønne seg for dei. Dei har fått meir areal og ytinga har auka bra. Når me spør Kjartan kva han er mest fornøgd med, kjem det eit klar og tydeleg svar på at han trivast mykje betre som bonde no enn før. Han ville vere bonde og no har han fått moglegheit til å vere det med utfordringar og glede som han set pris på. Sjølv sagt skulle han hatt betre betalt for arbeidet med grovfôrhandteringa og fjøsstellet, men han har ikkje angra ein dag og gler seg kvar morgon til ein ny givande dag i fjøsen!

## FAKTA

### DRIFTSOPPLEGG

Samdrifta produserar jamt med mjølk gjennom året. Dei har lagt opp til to puljar med kalving, ei i januar/februar og ei i august/september. Kalvingslista syner at omtrent alle dyr kalvar innan ein måned. Det fortel oss at karane fylgjer godt med i fjøset, men dei har og fokus på grovfôrdyrking med best mogleg kvalitet. To puljar med kalving er valt for å utnytte bingane og fjøsen godt gjennom året. I kalvebingen går det opptil 29 kalvar, og det er friske fine kalvar. Nokre nye større fjøs har hatt problem med kalveoppdrettet, men her er det eit vellukka opplegg med trivlege og friske kalvar. Kjartan fortel at han måkar fleire gangar dagleg og strør to gangar dagleg hjå kalvane. Vidare har dei fri tilgang til vatn og surfôr. Kraftfôr og mjølk vert tildelt gjennom automat. Over halve liggjerearealet er det bygt tak. Når ein kjem til fjøsen, møter ein eit svært velstelt uteområde, og det held fram innomhus med ein orden og reinhald som er av det beste.

Ved planlegging av den nye fjøsen vart det sett opp eit estimert forventa timeforbruk i fjøsen på 6,7 timar per dag. Dei fører ikkje noko timeliste på arbeidet med det daglege stellet, men etter to år i drift er Kjartan tydeleg på at det ikkje går meir enn dette totalt sett gjennom året. I periodane med kalving og inseminering som utgjere totalt fire månader, går det lenger tid i fjøset, men resten av året kan dei «slappe meir av» og nyttar mindre tid på fjøsstellet.

Les meir om SMOK her: <http://www.smok-da.no>